



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Att: Marianne Haaland
Pb 7900
5020 BERGEN



Vår ref.:
U-239/elevinsp.

Dykkar ref.:

Bergen, 08.09.15

Lokale tiltak for auka gjennomføring på Fyllingsdalen vgs

Skuleåret 2014-15 fekk Fyllingsdalen vgs etter søknad tilsegn om kr. 180.000 til lokale tiltak for auka gjennomføring. Skulen har brukt pengane til desse føremåla:

- Utvikling av ein eigen kartleggingsprøve for minoritetsspråklege. Alle minoritetsspråklege elevar på VG1 tok denne prøva. Dette var eit særst nyttig tiltak då vi raskt kunne kartlegge og få oversikt over dei som hadde trong for ekstra norskopplæring.
- Styrking av norskfaget på VG1HO ved å auke lærartettleiken. 45 elevar fekk med dette undervisning i mindre grupper. Tiltaka gav auka læringutbyte for elevane, men tala viser likevel at mange elevar dessverre ikkje klarte å gjennomføre året med ståkarakter i alle fag. Fleirtalet av dei som ikkje klarte å gjennomføre fekk ståkarakter i norsk medan dei strauk i eitt eller fleire andre fag.

- Studieverkstad / støttetimar: Auka bemanning i kjernefaga norsk, framandspråk og matematikk / naturfag. Det er vanskeleg å berekne omfanget av elevane som drog direkte nytte av dette tiltaket, men totalt var det over 50 elevar som fekk støttetimar på studieverkstedet etter søknad frå faglærarane. I tillegg kunne ein bemanna studieverkstedet i periodar der heile klassar hadde tilbod om å gå på studieverkstaden og få ekstra hjelp i samband med ordinær undervisning.
- Studietur for rådgjevarane ved Fyllingsdalen vgs i april 2014. Rådgjevarane vitja Kungsbacka Gymnasieskole og Falkenberg Gymnasieskole i Gøteborg. Det vart også kjøpt inn noko materiell til dette prosjektet som skal brukast i karriererettleinga her på skulen komande skuleår. (Sjå ekstra søknad sendt per epost 13.06.2014 for meir informasjon om rådgjevarane sitt karriererettleiingsprosjekt).

Med vennlig hilsen



Thor Eirik Haugstad

Rektor



Heine Askeland

Elevispektør